Kuratornettverk for FAIR forskingsdata

Felles samtale med nasjonale forskingsinfrastrukturar om forskingsdatakuratering

10. februar 2023

Philipp Conzett (UiT)

CC BY

Nasjonalbiblioteket · Norges arktiske universitet UiT · NTNU · RDA Research Data Alliance · OSLOMET · Sikt · SINTEF · Universitetet i Oslo · Universitetet i Bergen · USN Universitetet i Sørøst-Norge

Plan for møtet

1. Introduksjon til prosjektet (ca. 15 min.)
2. Nokre hovudinntrykk frå spørjeundersøkinga (ca. 15 min.)
3. Spørsmål og diskusjon (+ ev. presentasjonsrunde)

1. Introduksjon til prosjektet

Kva er Kuratornettverk for FAIR forskingsdata?

- Eittårig prosjekt med delfinansiering frå Nasjonalbiblioteket sine utviklingsmidlar; oppstart: 1. september 2022
- Samarbeid mellom åtte institusjonar: UiT (prosjekteigar), NTNU, OsloMet, Sikt/NSD, SINTEF, UiB, UiO, USN
- Koordinert med arbeidet til den norske RDA-noden (NO-RDA)

Prosjektgruppa

Institusjon	Prosjektdeltakar
UiT (prosjekteigar, prosjektkoordinering)	Philipp Conzett, Leif Longva, Aili Sarre
NTNU (prosjektkoordinering)	Svein Høier, Ingrid Heggland, Ane Møller Gabrielsen
Sikt/NSD	Trond Kvamme
OsloMet	Camilla Thorvik (frå januar 2023), Anne-Inger Hellekjær (til januar 2023), Marianne Soon Ophaug Wehus
SINTEF	Ida Eir Lauritzen
UiB	Jenny Ostrop
UiO	Live Håndlykken Kvale, Anne Sæbø
USN	Ali Abdurhman Kelil, Ryan Tamayo Europa (frå januar 2023)
«Assosiert»:	
UiS	Elin Stangeland

Andre grupper

Arbeidsgruppe:

- Philipp Conzett (UiT)
- Svein Høier (NTNU)
- Leif Longva (UiT)

Rådgjevande gruppe:

- NO-RDA-koordineringsgruppa

Styringsgruppe:

- NO-RDA-styringsgruppa

Kva er Kuratornettverk for FAIR forskingsdata?

- Eittårig prosjekt med delfinansiering frå Nasjonalbiblioteket sine utviklingsmidlar; oppstart: 1. september 2022
- Samarbeid mellom åtte institusjonar: UiT (prosjekteigar), NTNU, OsloMet, Sikt/NSD, SINTEF, UiB, UiO, USN
- Koordinert med arbeidet til den norske RDA-noden
- Prosjektmål:
  - Prosjektet skal etablera eit kuratornettverk for FAIR forskingsdata på tvers av norske fagbibliotek og andre einingar for forskingsdatastøtte.
  - Nettverket skal vera eit praktisk hjelpemiddel for støttepersonell som skal hjelpa forskarar med tilrettelegging av forskingsdata for arkivering og deling.

Ambisjonar

Kuratornettverket skal

- vera ope og relevant for **alle typar fagbibliotek og andre einingar for forskingsdatastøtte uavhengig av sektor**;
- definera **tydeleg ansvar og omfang** for deltakarar i nettverket;
- vera **uavhengig av** kva **arkivteneste** og andre relaterte tenester forskingsinstitusjonen bruker;
- dekkja alle relevante sider ved **FAIR datakuratering**, t.d. metadata og dokumentasjon, filformat, lisensar og andre juridiske og etiske aspekt inkl. CARE-prinsippa (jf. https://www.gida-global.org/care), **tekniske aspekt** (t.d. knytte til arkivtenester), men også **kommunikasjon og samarbeid med fagmiljø**;
- tilby fagspesifikk støtte i tilfelle der det **ikkje** finst meir eigna, fagspesifikke arkiv som tek seg av datakuratering;
- tilby eit **diskusjonsforum** der kuratorar kan ta opp og få hjelp med praktiske spørsmål;
- dela **materiell** som stør opp om kurateringsarbeid, t.d. filformatvurderingar, README-filmalar, kuratorrapportmalar;
- arrangera **workshopar og webinar** om aktuelle tema;
- tilby **kom-i-gang-opplegg** for nye medlemer.

Korleis skal vi oppnå dette målet?

Fire arbeidspakkar:

1. **Prosjektleiing og -formidling**
2. **Materiell**
   a. Få på plass ein grunnstamme av materiell som er nyttig i kurateringsarbeid
   b. Laga eit opplegg for korleis materiellet skal forvaltast og vidareutviklast etter prosjektslutt.
3. **Kompetanse**
   a. Laga eit opplegg for kunnskaps- og erfaringsutveksling
   b. Få på plass ein grunnstamme av praktiske workshopar og webinar, inkl. opplegg for kollegarettleiing på kuratering i praksis
   c. Laga eit opplegg for korleis desse ressursane skal forvaltast og vidareutviklast etter prosjektslutt
4. **Organisering**
   a. Få på plass ein differensiert modell for korleis medlemskap, samarbeid og vidareutvikling av kuratornettverket skal organiserast (inkl. ansvar og roller) for å sikra berekraftig drift

Korleis skal vi oppnå dette målet?

- I heile prosjektarbeidet følgjer vi prinsippet «Adopt, adapt, develop», dvs. at vi i prioritert rekkjefølgje skal
  - ta i bruk eksisterande ressursar (“adopt”);
  - tilpassa dei etter behov (“adapt”);
  - og berre som siste utveg utvikla (“develop”) nye ressursar heilt frå botn av.
- Prosjektet legg opp til brei involvering av flest mogleg relevante interessentar på feltet i heile prosjektperioden, men særleg i innspels- og uttestingsfasen.

Framdriftsplan

- Fase 1: Kartlegging av eksisterande ressursar og rapporterte behov
  - Skrivebordsanalyse
- Fase 2: Innspel frå relevante aktørar på feltet
  - Spørjeundersøking
  - Innspelsseminar
  - Intervju, samtalar
- Fase 3: Analyse av innspel og laga rapport med forslag til vidare framdrift. Skal godkjennast av styringsgruppa.
- Fase 4: Utarbeiding av ressursar i alfaversjon
- Fase 5: Testing og evaluering av alfaversjon
- Fase 6: Justering og ferdigstilling av stabil versjon
- Fase 7: Lansering og sluttrapport
  - Milepæl 3: Kuratornettverket er lansert (31.08.2023)

Kva har vi gjort så langt?

Fase 1: Kartlegging av eksisterande ressursar og rapporterte behov

Gjennomføra skrivebordsanalyse

- Har jobba med å beskriva eksisterande ressursar og rapporterte behov.
- Vil vera del av prosjektrapporten.

Kva har vi gjort så langt?

Fase 2: Innspel frå relevante aktørar på feltet

Gjennomføra ei spørjeundersøking

- Tema: Hva er praksis og behov i forskningsdataarkivering og -tilgjengeliggjøring i Norge?
- Samla inn svar gjennom nettbasert spørjeskjema frå 17. oktober til 1. november 2022. Hovudmålgruppe: kuratorar/datarøktarar.
- Fått 54 svar; først og fremst frå støttepersonell på universitet og høgskular.
- Hovudfunn presentert på innspelsseminar (sjå nedanfor).
- Jobbar med rapport som skal publiserast saman med rådataa.

Gjennomføra innspelsseminar

- Arrangerte digitalt innspelsseminar 9. november 2022 for å få inn og diskutera tilbakemeldingar og innspel; presentasjonen blei teken opp; PDF-en er tilgjengeleg på Zenodo: https://doi.org/10.5281/zenodo.7536420.

Kva har vi gjort så langt?

Fase 2: Innspel frå relevante aktørar på feltet

Gjennomføra intervju/samtalar med liknande nettverk og andre relevante aktørar

- Hadde ein samtale med ein representant frå Svensk nationell datatjänst (SND) 6. desember 2022.
- Hadde ein samtale med representantar frå Data Curation Network (DCN; USA) 7. desember 2022.
- Hadde ein samtale med ein representantar frå Digital Research Alliance of Canada 18. januar 2023.
- Har invitert representantar frå nasjonale forskingsinfrastrukturar til felles samtale om datakuratering, med fokus på organisering og meirverdi av det planlagde nettverket og relasjonen til andre nettverk / det nasjonale landskapet.

Kven har vi invitert til denne samtalen?

- Forskingsinfrastrukturar som er lista opp / nemnde i NFR sitt «Norsk veikart for forskningsinfrastruktur».
- I forkant av møtet i dag sende vi ut ei kort spørjeundersøking / påmeldingsskjema der vi ønskte å kartleggja kva praksis og behov infrastrukturane har når det gjeld forskingsdatakuratering.

2. Nokre hovudinntrykk frå spørjeundersøkinga

- Sendt invitasjon til 88 forskingsinfrastrukturar.
- Fått inn 38 svar.
- Kjapp gjennomgang av nokre av svara (vi skal dela presentasjonen etter møtet):

Er infrastrukturen involvert i kuratering av forskningsdata?

Antal svar: **38**

Svar	Antal	% av svar
Nei.	9	23.7%
Ja.	29	76.3%



Hvilken type støtte tilbyr infrastrukturen til de som kuraterer forskningsdata før arkivering/publisering?

Antal svar: **29**

Svar	Antal	% av svar
Guider og veiledninger	23	79.3%
Kollegaveiledning/-samarbeid	20	69%
Policyer og retningslinjer	19	65.5%
Forskningsverktøy (f.eks. statistikkverktøy, programmeringsspråk, Git-verktøy, kommandolinje, osv.)	18	62.1%
Opplæring (f.eks. kurs, workshoper, webinar)	16	55.2%
Annet (spesifiser nedenfor)	13	44.8%
Erfaringsutveksling med andre kuratorer	13	44.8%
Annet informasjonsmateriell	13	44.8%
Kuratornettverk eller liknende	11	37.9%
Diskusjonsfora	8	27.6%
Sjekklister	8	27.6%

11 infrastrukturar har svart at dei har eit kuratornettverk e.l.

Korleis er dette organisert?

- Brukerforumsmøte og erfaringsutveksling gjennom et felles Teams-område
- Årlige workshops
- (Ureglemessige) nettverksmøter, arbeidsmøter og kurs til datakuratorer ute hos institusjonene
- Faglege nettverk på relevante fagfelt/oppgåver, medrekna kurateringsoppgåvene.
- Ved kuratering kan vi diskutere på Teams f.eks. og GIT (særleg for tekniske kuratorar).
- Faste møter via Zoom
- Uformell kontakt med kolleger på andre UH-institusjoner og andre intressenter

I hvilken grad møter infrastrukturen følgende utfordringer i organiseringen av det praktiske kurateringsarbeidet?

Svar	Ikke relevant	I liten grad	I noen grad	I stor grad
For **dårlig kunnskap og kompetanse** på håndtering av forskningsdata hos forskerne/deponentene	0	7	13	9
Begrenset eller manglende **tilgang på kvalifiserte kuratorer**	2	6	14	7
Manglende **finansiering** for å kunne tilby (fullverdig) kuratering	4	5	7	13
Manglende eller mangelfulle **verktøy eller tjenester** for å støtte opp om kuratering	3	7	15	4
Manglende eller mangelfulle **nasjonale retningslinjer** for håndtering av **juridiske aspekt** ved datadeling, f.eks. opphavsrett og lisenser	4	12	12	1
Manglende eller mangelfulle **fagspesifikke retningslinjer** for hvordan forskningsdata kan gjøres tilgjengelige med så åpen tilgang som mulig	3	12	11	2
Manglende eller mangelfulle **nasjonale retningslinjer** for hvordan **personopplysninger** kan gjøres tilgjengelige med så åpen tilgang som mulig	11	10	6	2
Annet (spesifiser nedenfor)	11	1	1	6

Hvilke innspill har infrastrukturen til hvordan det planlagte nasjonale kuratornettverket kan eller bør fungere?
--- Forsøk på oppsummering:

INNHALD i nettverket:

- Kartlegging av behov
- Standardar, retningsliner, beste praksis, vokabular
- Utveksling av erfaringar, idear, utfordringar
- Kompetanseheving/-overføring
- Interoperabilitet mellom tematiske infrastrukturar

ORGANISERING av nettverket:

- Tilstrekkeleg og langsiktig finansiering
- Forankring i medlemsinstitusjonar
- Koordinering med liknande tiltak
- Byggja på etablerte (fagspesifikke) nettverk
- Innspel/referansegrupper frå forskingsmiljø

Meir informasjon om prosjektet

- … finn dokker i prosjektomtalen i prosjektbanken på Bibliotekutvikling.no: https://bibliotekutvikling.no/prosjektbank/prosjekt/kuratornettverk-for-fair-forskingsdata/
- Hald deg oppdatert om prosjektet og andre aktivitetar knytte til forskingsdatahandtering ved å bli med i den norske RDA-noden:
  - Bli medlem av RDA: https://rd-alliance.org/user/register.
  - Logg inn.
  - Meld deg inn i den norske noden ved å klikka på Join Group: https://rd-alliance.org/groups/rda-norway.

3. Spørsmål og diskusjon